

**Referat 01.12.2021 KKL**

<b>Dok. ref.:</b>	20/11345-113	<b>Møtedato/ Tid:</b>	01.12.2021 16:30
<b>Stad:</b>	Microsoft Teams	<b>Møtenr.:</b>	
<b>Referent:</b>	Thomas Bekkenes		
<b>På Teams:</b>	Anne-Merete Vabø Haugane, Anne Erdal, Bjørg Møllerløyken, Grethe Bergsvik, Jon Erik Egeland, June Johannesen, Line Barmen, Rune Landro, Stein Inge Stigen, Tom Georg Indrevik, Vagleik Brekke		

**SAKSLISTE**

<b>Punkt til behandling</b>	<b>Beskriving/status/oppfølging</b>	<b>Konklusjon</b>
<b>Tilbakemelding til statsforvaltar om regionale tiltak</b>	Statsforvaltar ønskjer tilbakemelding på om kommunane ønskjer lokale eller regionale tiltak.	Samrøystes vedteken å oppmoda sentrale styresmakter til å opprette regionale tiltak.  Ved mangel på regionale tiltak vil Øygarden kommune innføre lokale tiltak og justeringar.
<b>Auka smitte regionalt og lokalt.</b>	Behov for forsterking av munnbind påbod	KKL er samd med kommuneoverlege og smittevernlege om å justere påbod om bruk av munnbind til å gjelde fleire område.
<b>Tiltak i skule og barnehage</b>	Det auka generelle smittepresset får konsekvensar for drift av barnehagane og skulane	Ut desember 2021 har KKL gitt Oppvekst, saman med kommuneoverlege og smittevernlege, fullmakt til å tilpassa tiltak lokalt på einingane.  Grunngeving er at smittepresset i kommunen er høgt men ikkje alle skular og barnehagar er like hardt råka og overgang til trafikklysnivå vil gå utover einingar med lågare trykk.
<b>Pandemitiltak sjukeheimar mm.</b>	Vurdering av tiltak knytt til besøksrestriksjonar/smittevern/kohortar m.m	Munnbindkrav for besøkande i sjukeheimar m.m. innførast med øyeblikkeleg verknad.

		Andre restriksjonar vert vurdert dei neste 24 timane.
<b>Heimetenesta</b>	Auka smittetrykk som forplantar seg inn i drifta vår gjer at vi er bekymra for drifta vår no framover.	KKL gir kommunalsjef Helse og velferd mynde til å gå i dialog med kommuneoverlege til å forfatts informasjon som går ut i kommunen om moglege justeringar i tenestetilbodet for heimetenesta.